

3- ÅRIG EVALUERING, UJO 301 – hausten 2020

Hausten 2020 gjekk UJO 301 – *Gravejournalistikkens grunnlag* (30 studiepoeng) – for andre gong i den noverande forma. Denne forma inneber tre modular, med klare opplegg for kvar, og med gode studentgrupper (15 studentar denne gongen). Evalueringa er delvis faglærer si og delvis basert på munnleg evaluering med studentane hausten 2020.

På grunn av Covid-19- situasjonen blei det *ikkje* obligatorisk frammøte på kurset denne gongen. Det fekk litt følgjer i delar av gjennomføringa. Mange av studentane er opptekne, særleg med (relevant) jobb. Samtidig var det ein del obligatoriske aktivitetar undervegs som studentane fekk med seg på greie måtar.

Modul 1 hadde Kristine og Per Christian (SUJO) ansvaret for. Då gjekk studentane gjennom SKUP-rapportar og ønskte seg gjester basert på desse. Dette var sær vellykka, og faglærarane gjorde ein stor innsats i å få tak i svært dugande journalistar på kort varsel. Til dels var det faktisk lettare å få dette til denne hausten, fordi gjestene kunne ta øktene på zoom framfor å «måtta» reisa til Bergen. Studentane skreiv ei eiga «SKUP-oppgåve» til denne modulen. Alle studentane fekk individuell tilbakemelding, med særleg blick på korleis måten å løysa oppgåva på harmonerte (eller ikkje) med forventningar til endeleg eksamen.

Modul 2 var todelt. Den første delen var til dels ei vidareføring av eit opplegg om gravejournalistikkens rolle i historie og samtid, eit kurs utvikla av professor Martin Eide. Til dels var dette denne gongen gjort i ei ny form. Den innebar at UJO-studentane var saman med masterstudentane i Medier og kommunikasjon (MEVI 305). Isolert sett likna det faglege opplegget mykje på som blei gitt hausten 2019, då Martin heldt eit eige kurs for UJO-studentane. Samtidig opplevde UJO-studentane at kurset i nokon utstrekning var retta primært mot MEVI-studentane – og at UJO-studentane var «gjester» på dei andre sitt kurs. Dette var nok utilsikta, men om denne typen samarbeid skal vidareførast bør det gjerast grundige rundar i forkant.

Den andre delen av modul 2 er eit eige opplegg om etikk og samfunnsrolle. Der fekk studentane ei gruppeoppgåve, med ulike tema. Oppgåvene blei presenterte munnleg, men var til dels svært grundig førebudde.

Modul 3 er den såkalla «datamodulen». Hausten 2020 blei Carl-Gustav Lindén tilsett som førsteamanuensis ved journalistikkstudiet, med særleg ansvar for datajournalistikk. Han hadde dermed ansvar for denne modulen for første gong. Dessverre måtte den gjennomførast som zoom-undervisning frå Helsinki. Dette gjekk likevel etter måten godt, men det er ei undervisning der det er store fordelar med at studentar og faglærer er same staden. Studentane fekk utfordrande oppgåver, basert på innovasjonspedagogiske innsikter. Dette blei også spesielt utfordrande med faglærer i eit anna land.

Emnet blei avslutta med ein heimeeksamen, med gode resultat.

Ein viktig lærdom frå studentane si munnlege evaluering hausten 2020 er at 1. og 2. semester bør presenterast som ein samla pakke. Mykje av innhaldet i 1. semester gir (endå) meir meining dersom studentane ser det som del av eit forløp.

I evalueringa frå hausten 2019 heitte det: «Me treng oppjustera datamodulen og me treng å spissa teoridelen.»

Datamodulen blei oppjustert monaleg gjennom eit spennande opplegg i regi av nyttilsette Lindén. Teoridelen blei spissa noko, men det bør – som nemnt ovanfor – gjerast endå grundigare arbeid med dersom samarbeid med Medier og kommunikasjon skal vidareførast.

Overordna linjer 2017-2021

Igjen må det understrekast at dette kurset meir har ein to-årig historie enn ein fire-årig. Første gjennomføring (2017) var det fire studentar, andre gjennomføring (2018) var det to. Dette blei heilt spesielle kurs, der det blei laga etter måten fleksible opplegg for at me skulle nå desse studentane på best muleg vis. Undervisningsforma var også prega av at kulla var svært små.

I 2019 fekk studiet 16 studentar og det blei muleg å laga eit skikkeleg, heilskapleg undervisningsopplegg. Dette fekk si første gjennomføring hausten 2019 og si andre i 2020. Opplegget i 2020 blei noko justert, basert på evalueringar og basert på at me fekk inn ein ny tilsett tidleg på hausten i 2020.

Det var små kull dei to første åra, men me sat igjen med svært motiverte studentar. Snitt-karakteren for eksamen var A både i 2017 og i 2018. Med auka student-tal var det vanskeleg å halda på eit slikt snitt, men snittet er B både i 2019 og 2020. Oppgåvesvara til heime-eksamen har til dels vore svært gode.

Utviklinga av UJO 301 vil halda fram. Teori-delen, enten om det blir i samarbeid med MEVI eller ikkje, skal spissast ytterlegare. Det er naturleg at datamodulen blir oppjustert noko meir, etter at den nye ansvarlege for den delen av kurset byggjer på si erfaring frå hausten 2020 i nye rundar.

*Lars Arve Røssland
Programansvarleg
(emneansvarleg hausten 2020)*

24. mars 2021